

EIGENERKLÆRINGSSKJEMA TIL DEG SOM HAR FÅTT TILBOD OM KORONAVAKSINE

Før vaksinasjon ber vi deg gå gjennom alle spørsmåla i dette skjemaet. Ta med deg dette skjemaet til vaksinasjonsstaden, det vil bli brukt til å dokumentere vaksinasjonen din.

Etternamn, førenamn:
Fødsels- og personnummer:
Signatur:

Du skal **ikkje** møte opp til vaksinasjon om du på vaksinasjonsdagen svarar ja på minst eitt av følgjande spørsmål. Gje melding så raskt som mogleg til vaksinasjonsstaden. Vaksinasjonen vil bli utsett.

Ja Nei

	Ja	Nei
Har du forkjølingssymptom, feber over 38 °C eller andre teikn på infeksjonssjukdom?		
Er du isolert, i karantene eller ventar på svar på koronatest?		
Er det mindre enn 3 månader sidan du har vore gjennom ein koronasjukdom (covid-19)?		
Har du blitt vaksinert med annan vaksine i løpet av siste 7 dagar?		
Er du gravid utan å tilhøyre ei risikogruppe for alvorleg koronasjukdom?		

Om du svarar ja på nokre av følgjande spørsmål, kan det vere behov for å ta forholdsreglar eller gjere ei individuell vurdering. Sjå meir informasjon på neste side og kontakt lege om du er usikker.

Ja Nei

	Ja	Nei
Har du tidlegare vore gjennom koronasjukdom (covid-19)?		
Har du auka blødingstendens?		
Har du hatt allergisk reaksjon på denne vaksinen eller innhaldsstoffa tidlegare?		
Har du tidlegare hatt alvorleg (livstruande) allergisk reaksjon på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna?		
Er du gravid og tilhøyre risikogruppe for alvorleg koronasjukdom?		
Brukar du medisinar av typen betablokkar?		
Har du mastcellesjukdom eller alvorleg, ukontrollert astma?		

Fyllast inn av **vaksinatør** om vaksinasjonen ikkje straks dokumenterast i EPJ/SYSVAK:

Dato og klokkeslett:	
Produsent av vaksine:	
Batch/Lotnummer:	
Årsak til vaksineringsgruppe: 1. Prioriteringsgruppe 2. Helsepersonell 3. Anna/ukjent	
Namn (blokkbokstavar) og signatur vaksinatør:	

INFORMASJON OM FORHOLDSREGLAR OG INDIVIDUELL VURDERING:

Vore gjennom koronasjukdom (covid-19):

Du treng berre éin dose vaksine, denne bør gjevast tidlegast 3 månader etter at du vart frisk.

Auka blødingstendens:

Om du brukar blodfortynnande medisinar kan du vaksinerast som normalt. Det er liten risiko for større blødingar når vaksinen blir sett i armen. Gjer vaksinasjonsstaden merksam på at du brukar denne typen medisinar, slik at dei er førebudde på å hjelpe deg om det blir teikn til bløding på stikkstaden. Det vil i så fall hjelpe å presse mot området. Døme på vanlege legemiddel i denne gruppa er Marevan, Eliquis, Pradaxa, Xarelto, Lixiana, Albyl-E, Aspirin, Acetylsalisylsyre, Plavix, Clopidogrel, Persantin, Brilique, Heparin, Fragmin og Klexane. Om du har auka blødingstendens grunna anna sjukdomsbakteppe bør du kontakte lege for individuell vurdering. Om du har blødarsjukdom og blir behandla med koagulasjonsfaktor, bør du vaksinerast same dag som siste dosering med koagulasjonsfaktor.

Tidlegare allergisk reaksjon på koronavaksine eller alvorleg allergisk reaksjon på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna:

Kontakt lege for individuell vurdering. Om lege tilrår vaksine kan det vere behov for auka beredskap for å handtere eventuelle allergiske reaksjonar, samt forlenga observasjonstid etter vaksinasjon.

Graviditet hos personar i risikogruppe:

Inntil vidare er det berre kvinner i prioriterte grupper som får tilbod om vaksine. Om du er ei av desse, og er gravid, kan du i samråd med lege vurdere om det er mogleg å skjerme deg for smitte. Om skjerming ikkje er mogleg, kan du saman med lege vege risiko for alvorleg sjukdom av COVID-19 opp mot ein mogleg ukjent risiko ved vaksining. Det er til no lite erfaring med vaksinasjon av gravide og ammande. I det som finst av tilgjengelege data er det ikkje noko som tydar på at vaksinasjon er skadeleg for den gravide eller fosteret.

Amming:

Effekten på vaksinen hos ammande er ikkje undersøkt, men det er ikkje sannsynleg at vaksining av mor fører med seg nokon risiko for barnet som ammast. Ammande kan vaksinerast og treng ikkje å avbryte amminga etter vaksining.

Betablokkar:

Helsepersonell bør vere klar over at du brukar denne typen medisinar så dei kan gje deg best mogleg hjelp om du får ein allergisk reaksjon. Du har ikkje auka risiko for allergiske reaksjonar, men kan trenge meir av dei medisinane som brukast for å behandle allergi. Døme på vanlege betablokkarar er Metoprolol, Selo-Zok, Seloken, Bloxazoc, Atenolol, Bisoprolol, Emconcor, Brevibloc og Raploc.

Mastcellesjukdom eller ukontrollert astma:

Ukontrollert astma er kjenneteikna ved minst 3 av 4 teikn siste månaden: Symptom på dagtid meir enn 2 gongar per veke, nattlege oppvakningar på grunn av astma, behov for anfallsmedisin meir enn 2 gongar per veke og/eller aktivitetsavgrensingar. Dersom du på grunn av astma har fått kortisonkur minst to gonger siste året, eller har vorte innlagt på sjukehus det siste året, defineres også din astma som ukontrollert. Ved mastcellesjukdom eller ukontrollert astma bør ein kontakte lege for rettleiing omkring vaksining.